

Fiskeri- og kystdepartementet  
Postboks 8118 Dep

0032 Oslo

Dykkar ref. :

Vår ref. : Ove Gjerde

Dato : 13.04.2011

## **Rogaland Fjordbruk AS; Merknader - Utkast til forskrift om særskilte krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden**

Syner til høyringsbrev *Forslag til særskilte tiltak for akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden*, som vart sendt på høyring 16.02. 2011.

I det fylgjande vil me kommentera høyringa til framlegg til Hardangerfjordforskrift. Me presiserar at me her held oss til det utkast som ligg føre med omsyn til korleis reduksjonen av produksjonen skal fordelast på dei ymse oppdrettarane i regionen. Me føreset at dersom departementet vil vurdere heilt andre vis å organisere dette på – slik me veit at ein-skilde aktørar meiner – vil saka verte sendt ut på ny høyring. Dette er turvande mellom anna av di konsekvensane av forskrifta då kan verte heilt andre og mykje meir alvorleg for ein-skilde aktørar, og reise heilt andre problemstillingar i høve til både fagleg og juridisk grunnlag for reguleringa.

## **Rogaland Fjordbruk**

Rogaland Fjordbruk AS er ei lokalt eigd verksemd, med postadresse 4235 Hebnes i Suldal. Aktiviteten er i all hovudsak i kommunane Suldal og Tysvær, samt i den delen av Vindafjord som ligg i Sunnhordlandsbassenget /Hardangerfjorden. Verksemda innehar 4 konsesjonar for produksjon av matfisk.

Rogaland Fjordbruk AS er knytt til managementselskapet Alsaker Fjordbruk AS. I samband med den generelle drifta av selskapet, kjøper Rogaland Fjordbruk ulike tenester hjå managementselskapet.

Organisering Rogaland Fjordbruk AS (org. nr. 938 567 697 ) si drift er organisert som fylgjer:

Matfiskkonsesjonar RSD 03, RSD 05, RSD 21 og RTV (Ilholmane)  
RSS 17, RFD 5 (samla for Rogaland Fjordbruk)

### Lokalitetar

- Ilholmane - Vindafjord kommune (Sunnhordland)
- Borgarli – Suldal kommune
- Vintravik – Suldal kommune
- Bjelkavik – Suldal kommune
- Finnvik – Suldal kommune
- Rossholmen – Rennesøy kommune

Selskapet driv i samdrift med (I Sunnhordland):

- Sunnhordland Fjordbruk – lokalitetane Høylandssund og Ebnehanen
- Fjelberg Fjordbruk – lokaliteten Maradalen

Selskapet driv i samdrift med (I Ryfylke):

- Toftøy Fjordbruk – lokaliteten Langøy
- Røvær Fjordbruk – lokalitetane Flatholmen og Bryggjeland

Tilsette	I tillegg til dei tilsette på sjø, kjøper me tenestar innan settefisk, slakteri, service og administrasjon på kontrakt frå managementselskapet Alsaker Fjordbruk AS. Totalt reknar me 8 årsverk per konsesjon i direkte sysselsetting, som gjev ei totalsysselsetting på omlag 32 årsverk knytt til Rogaland Fjordbruk AS.
Produksjon	Rogaland Fjordbruk AS hadde i 2010 ei totalproduksjon på ca. 5.800 tonn. Av dette var om lag 1.400 tonn produsert i Sunnhordlandsbassenget. Samla utsett av smolt hjå Rogaland Fjordbruk var i 2010 ca. 1,4 millionar stk. Dette året hadde selskapet ikkje utsett i Hardangerfjorden/Sunnhordland.
Ansiennitet	Den delen av Rogaland Fjordbruk AS sine konsesjonar som vert drive i Sunnhordland, og innafor nedslagsområdet til Hardangerfjordforskrifta, har vore i området sidan 2004.
Verdiar	Rogaland Fjordbruk har alle sine verdiar plassert i fisk i sjø og utstyr på land / sjø. Førstnemnde verdiar er verdiar som kan realiserast, medan sistnemnde er verdiar som i hovudsak vil gå tapt om drifta ikkje lenger gjev lønnsam avkastning  Rogaland Fjordbruk har vore eit lønsamt selskap, og det er investert mykje i utstyr dei siste åra. Sidan 2005 er det investert om lag 100 millionar i selskapet. Det meste kjøpt lokalt.

## Våre synspunkt på grunnlaget for forskrifta:

Fagleg	Som ei mindre aktør i regionen kan me ikkje sjå at FKD; <ul style="list-style-type: none"><li>✓ Fagleg har dokumentert valet av eit tak på 50.000 tonn</li><li>✓ Fagleg har dokumentert nedslagsfeltet til forskrifta</li><li>✓ Fagleg har dokumentert grunnlaget for at Langenuen er teke med i forslaget</li><li>✓ Har teke omsyn til at regionen, sidan 2008, har fått 3 nye forskrifter å halda seg til, her i blant anna <i>Soneforskrifta</i>. Me kan heller ikkje sjå at FKD i denne samanheng har vurdert verknaden av desse forskriftene opp mot den framlagte Hardangerfjordforskrifta</li><li>✓ Har vurdert innspela frå Gullestadutvalet mot korkje Hardangerfjordforskrifta, Soneforskrifta m.m.</li><li>✓ Har vurdert ein heilskap knytt til forvaltninga av villaksen og sjøauren i elvane regionalt m.o.t. kraftutbygging (drift og nybygging), utslepp, jorderosjon m.m.</li><li>✓ Har vurdert korleis forskrifta skal evaluerast. Kva som skal liggja til grunn, korleis, kven og når</li><li>✓ Har ikkje vurdert dei totale konsekvensane for tilsette, bygder, kommunar eller selskap på kort, mellomlang, og lang sikt</li></ul>
--------	---

Ovannemnde er eit brot med god forvaltningsskikk, og samstundes syner det ei mangel på respekt for dei mange lokale og regionale partar som vert råka.

Me meiner at fredinga av indre del av fjordsystemet ikkje vert gjort på fagleg grunnlag. Spesielt i høve lakselus og fiskehelse. Ei opning av det indre fjordbassenget, ville ha gjeve oss ei langt betre grunnlag for regional utvikling. Me meiner fredinga bryt med Stortinget sitt vedtak frå våren 2007 om Nasjonale Laksefjordar, jamfør St.prp. nr 32 (2006-2007) og Innst. S. nr. 183 (2006-2007).

FKD sitt framlegg om eit kvoteområde på innsida og eit på utsida av Hardangerfjorden vil føra til meir byråkrati, meir usikkerheit og meir usemje både internt i forvaltninga

og mellom forvaltning og verksemd. At Fiskeridirektoratet tek over forvaltninga av Hardangerfjorden vil forsterka dette.

Me meiner at ei overføring av mynde frå Hordaland Fylkeskommune til Fiskeridirektoratet, er eit brot med tidlegare Stortingsvedtak om fordeling av mynde mellom Fiskeristyresmaktane og Fylkeskommunen.

#### **Konsekvensar av forskrifta:**

**Produksjon** Slik høyringsutkastet er utforma, vil Rogaland Fjordbruk AS missa 0.75 konsesjon i regionen. For eit lite selskap er dette betydeleg, og moglegeheitene for å finna løysningar utanfor Sunnhordland ser me på som små:

Nedlegging	Tap av totalt omlag 6 årsverk.
Utflytting	Vert sett på som vanskeleg på eigehand.

Verksemda vår er plassert i bygdesamfunn som har utfordringar med alternativ sysselsetting. Slik er faren stor for at dei tilsette vert arbeidsledige. Dette vert forsterka av at det òg vil vera mange andre oppdrettsverksemdar som samstundes vil seia opp tilsette.

Utfordring med utflytting ligg i at det ikkje er andre lokalitetar å flytta til i Hordaland. Dette har allereie styremaktene kunngjort for oss som aktørar. Samstundes er det svært kostnadskrevjande å etablere seg på ny lokalitet, samstundes som ein må forlata investeringar ein allereie har gjennomført.

**Fleksibilitet** Forskrifta slik høyringsframlegget legg opp til, tek bort fleksibiliteten i eit samarbeid på utsida av verkeområdet for forskrifta, jamfør at verkeområdet skal overførast til Fiskeridirektoratet.

I framlegg til forskrift fortel FKD oss at me må samarbeida og at nokre av oss vil gå konkurs m.m.. På den andre sida fortel forskrifta oss at den er mellombels, noko som gjer at me vert usikre på moglege konsekvensar. Fyrst må me forlata eigen region og investeringane som her er gjennomført. Deretter skal me investera i ein annan region, for så å kanskje få moglegeheit til å flytta attende til opphavleg område/lokalitet.

Me vert pressa inn i eit mønster som over tid ikkje vil gje lønnsemd for verksemda vår, og som vil svekka selskapet sin økonomi, m.a. vis a vis vår finansielle kjelde. Samstundes kan me verta fråteken den delen av konsesjonen, som me ikkje vel å ta i bruk dersom me ikkje finn løysningar som gjev økonomisk utvikling. Dette medfører at me vert dobbelt råka av framlegget til forskrift.

Gjennom danninga av soner i regionen har Rogaland Fjordbruk allereie gjeve frå seg produksjon. Omstillinga har føyrt til at det har vore naudsynt å leggja om produksjonen, og at me i framtida ikkje får til ei så jamn produksjon som me har hatt til i dag.

#### **Lojalitet**

**Region** Rogaland Fjordbruk AS har vore lojale til alle tiltaka næringa har sett i verk lokalt og regionalt. I 2004 var me med og trekte i gong Hardangerfjorden Fiskehelse-nettverk, og seinare PD-fri og LusaLaus, ny soneinndeling m.m.. Me føler at me som selskap, og våre naboar, har vore føregangsselskap for ei positiv utvikling. Til det beste for oss sjølve og regionen. Me har grepe fatt i og målretta forsøkt å løyst problema etter kvart som dei har kome.

#### **Handling:**

**Drift** Rogaland Fjordbruk har ikkje ein einaste konsesjon å gje frå seg i Sunnhordland! Framlegget frå FKD vil gje nedgang i tilsette, i inntening og gje varig skade på drifta.

## Tankevekkar – Oppsummering

Me er stolte av den verdiskapinga Rogaland Fjordbruk har fått til fram til i dag. Stolte over dei verdiane me har skapt for samfunnet og for eiga verksemd.

Diverre er me på veg til å verta motlause av at forvaltninga ikkje tek seg tid til å sjå den eine forskrifta saman med den andre, til å evaluera verknadane m.m., før stendig nye restriksjonar og pålegg vert innført.

Rogaland Fjordbruk har ikkje gjort noko anna enn å gripe fatt i dei moglegeheitene Staten har gjeve.

Teke sjansar, satsa alt og jobba hardt for å nå våre mål. I eit slikt perspektiv gjer det vondt å oppleve at FKD riv beina under verksemda vår, utan å gjera eit godt førearbeid, som synleggjer moglege konsekvensar som følgje av den framlagte forskrifta.

Når forvaltninga legg fram nok ei særlov med verknad for Sunnhordland og Hardanger, og nok ei lov som berre gjev ris, og som fullstendig manglar insentiver, då er det diverre å konstatera at motlausa er i ferd med å ta overhand.

Uansett kva gode tiltak me har gjennomført regionalt, uansett kor god dialog om løysningar me har gjennomført, så vert det stendig meir reduksjon i aktiviteten vår.

Me vil også peike på at departementet i høyringsbrevet gjev inntrykk av at føremålet med forskrifta er å sikre at produksjonen vert frose på 2008-nivå, ved at det ikkje på noko tidspunkt skal stå meir enn 50.000 tonn fisk i området. Sjølve forskriftsutkastet går mykje lengre enn dette når det fastset at ei rekkje akvakulturløyve ikkje skal kunne nyttast med meir enn 25 %. Rogaland Fjordbruk skal etter tilhøva kunne leve med at ein ikkje kan ha meir fisk i sjøen enn i 2008. Då vil produksjonen verta mykje den same som i 2008. At eit av løyva ikkje skal kunne nyttast med meir enn 25 % vil føra til ei monaleg reduksjon av produksjonen, med dei alvorlege konsekvensar som me har gjort greie for ovanfor. At det er eit openbert misforhold mellom det departementet seier at ein vil oppnå og det som vil verte dei reelle konsekvensar av forskrifta, er for oss eit skræmmande døme på at forvaltninga ikkje veit kva dei er i ferd med å stella i stand og at det forvaltningsmessige handverket ikkje held mål i denne saka.

Er verkeleg lakseoppdrett i Sunnhordland og Hardanger så lite framtidsretta? Næringa har dei siste 50 åra stendig vore innovativ og halde stø kurs for ei spanande utvikling. Utfordringar er vorte løyste i eit samspel mellom ulike offentlege mynde og dei aktive aktørane innanfor næringa.

Det siste året har det vore ei rad negative oppslag i pressa lokalt og regionalt. Noko av kritikken har vore rett, men mykje har vore reine spekulasjonar. Normalt står me dette av. Verre vert det når FKD nærast hiv seg på saka, utan å vurdera ein meir heilskapleg konsekvens etter moglege nye tiltak, forskrifter m.m.. Det er også å merkja at FKD samstundes også undergrev den innsats og dei tiltaka som alt er sett i gong for å løysa dei aktuelle utfordringane.

FKD nærast hiv seg på saka, utan å vurdera ein meir heilskapleg konsekvens etter moglege nye tiltak, forskrifter m.m.. Det er også å merkja at FKD samstundes også undergrev den innsats og dei tiltaka som alt er sett i gong for å løysa dei aktuelle utfordringane.

Kvifor skal me ta risiko, satsa alt me eig, satsa når vår eigen faginstans ikkje byggjer opp om det? Me har utfordringar i næringa vår, og desse har me gripe fatt i, men desse utfordringane er ikkje større enn det som er andre næringar i landet har.

Det er ei utfordring å gå frå å setja fotavtrykk ovanfor einskilde miljøparametrar, til at vårt eige Departement legg opp til at det er vår næring som har skulda for det heile?

Me er diverre komen inn i ei vond spiral. FKD / Forvaltninga gjev oss stadig nye særreglar, det vert ikkje gjeve nokre insentiver, grunngevingane vert tynnare og tynnare, fotavtrykk vert til skuld, pågang vert avløyst av motgang og vidare av motlause. Spiralen lovar ikkje godt for korkje lokalmiljø, næring eller me som eigarar.

Me er ueinig i grunnlaget for Hardangerfjordforskrifta, og me meiner omfanget av forskrifta er så alvorleg at dei skulle vore konsekvensutgreidd! Rogaland Fjordbruk kan ikkje sjå at FKD med det

innhald saka så langt har, bør gjera eit vedtak utan å gå rundt ei brei Konsekvensutgreiing, som tek for seg grunnlag og verknader for både kort og lang horisont.

Vensam helsing  
**Rogaland Fjordbruk AS**



Hans Helge Vik  
Dagleg leiar



Ove Gjerde  
Samfunnskontakt